

Litt fleire arbeidsledige i Hordaland

I juli var arbeidsløysa i Hordaland på 2,9 prosent av arbeidsstyrken. Det syner nye tal frå NAV. Samanlikna med same tid i fjor er det ein nedgang på 942 personar, men samstundes er det ein auke på 256 arbeidsledige – inkludert personar i arbeidsmarknadstiltak – sidan juni i år. Talet på arbeidssøkarar

på tiltak er 53 prosent lågare enn på same tid i fjor. Dette er ein konsekvens av betre tider i marknaden.

Nokre viktige faktorar spelar inn når det gjeld talet på arbeidsledige. Det eine er ei ny ordning, innført i juli, der arbeidsledige får påminning på SMS frå NAV om å senda meldekort om dei framleis

ønsker å vera registrert som arbeidssøkarar. Det andre er nylege endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar, som gjer at arbeidssøande no kan få arbeidsavklaringspengar i inntil seks månader som ledig, mot tidlegare tre månader.

Historisk skute gjennom Nuen

Måndag kveld kunne ein sjå eit noko spesielt skip verta slept forbi Tysnes.

Det 101 år gamle skroget til polarskuta «Maud», bygd for Roald Amundsen, er på veg heim til der det vart sjøsett i 1917; Vollen i Asker. Måndag morgon denne veka vart det slept innom Bergen, før slepebåten og lekteren med «Maud» vende nasen sørover, og gjekk gjennom Langenuen. Planen er å nå Vollen den 18. august.

Den gamle skuta har i sommar vorte slept over Nord-Atlanteren frå Grønland, men arbeidet med å henta heim den forliste skuta byrja lenge før. Det er sju år sidan prosjektet «Maud Returns Home» vart sett i gang, og sidan har det vore lange etappar, med viktige milepælar; ikkje minst hevinga av skroget i 2016, etter at skuta sokk i Nordvestpassasjen i 1931, og deretter vart liggjande på havbotnen i 85 år.

Målet med ekspedisjonen



SNART HEIME: Polarskuta «Maud» vart nytta av Roald Amundsen på ein ekspedisjon som starta i juni 1918. Skuta sokk i Nordvestpassasjen i 1931.

som Amundsen fekk skuta bygd for, var å driva forskning i Polhavet, og kanskje å nå Nordpolen. Men ting gjekk ikkje som planlagt, og «Maud» vart sitjande fast i isen i Nordaustpassasjen nord for Russland i fleire år. Amundsen måtte gje opp, og då han seinare gjekk konkurs, vart skuta seld på tvangsauksjon til eit kanadisk selskap. Deretter vart

skuta ankra opp i Cambridge Bay, der den seinare sokk.

Den 23. juni 2018 starta slepet attende til heimlandet, nøyaktig 100 år etter at ekspedisjonen til Amundsen starta. Skroget ligg på lekteren «Jensen», og vart slept av slepebåten «Tandberg Polar», som har frakta skuta heilt frå Canada.

RANDI KLEPPE
randi@tysnesbladet.no

Inviterer til ny båtbyggjedag i Ølve

Kulturnemnda i Ølve bygdelag vonar å gjenta suksessen frå i fjor.

På den fyrste båtbyggjedagen som vart arrangert på skipsbyggjeplassen Øyra, på Nerhus i Ølve, kom det 120 personar. Arrangøren freistar nok å gjenta suksessen i år, når dei igjen skiper i stand til båtbyggjedag søndag 19. august, som ein del av programmet til Kystsogevekene.

Variert underhaldning

Temaet i år er Skottehandelen, og Vidar Ask skal halda føredrag.

– Han fortel om handel og kulturutveksling med vesterhavslanda på 1500- og 1600-talet. Dette er viktig historie for bygdene våre, skriv kulturnemnda i ei pressemelding.

Frå klokka eitt kan ein utforska dei gamle bygningane på staden, og sjå korleis smia, saga og skuret, og alle dei ulike verktya, spelte ei viktig rolle i skipsbygginga. Ustillingar og bilete fortel om kvardagen til skipsbyggjarane, og det vert sal av mat i kafeen.

– Tysnes Kystlag vil på ny ta turen til Ølve med nokre



POPULÆR BÅTBYGGJEDAG: Borna bygde mange fine båtar. (Foto: Terje Øen)

av båtane sine, og kanskje kjem det også andre skuter til kai ved moloen. Og som i fjor vert det trekkspeltonar frå Tysnes og Ølve, opplyser kulturnemnda.

Bygging av små båtar

Men det er ikkje ein skikkeleg båtbyggjedag utan bygging av båtar. I fjor var det særskild populært at dei minste fekk byggja seg små båtar, og viss ein gjekk glipp av det i fjor, eller berre vil prøva det på nytt, lyt ein ta turen til Ølve neste helg.

– Sjølv sagt vert det også i

år båtbyggjeri for borna, med basseng der dei kan segla med dei nybygde skutene, skriv kulturnemnda i pressemeldinga.

To Nerhus-familiar bygde fartøy på skipsbyggjeplassen på Øyra i tre generasjonar, mellom 1850 og 1960. Hardangerjakt Mathilde er blant ein av dei meir kjende båtane som vart bygd på Øyra.

Parkering for arrangementet er ved Ølve kyrkje.

RANDI KLEPPE
randi@tysnesbladet.no

coop
prix



NORVEGIA
Original. 830 g. Pr pk
Pr kg 72,17



FRIELE FROKOSTKAFJE/NIDAR SJOKOLADEPLATER
Gjelder avbildede varianter. 150-250 g.
Fra 85,08/kg. 1 pk fra 31,90



COOP GRILLPØLSER
600 g. Fra 45,83/kg
1 pk 32,90



COOP GOURMET
Gjelder avbildede varianter. 100 g
Fra 200,00/kg. 1 pk 29,90

Takk og **PRIX** FOR HVERDAGEN!



KLUBBEVETERAN: Auksjonarius Kåre Martin Kleppe leia auksjonen med god kontroll.



GAMAL VEKT: John Johnsen kjøpte denne gamle matvekta for 100 kroner til dottera Mona.



RETT PÅ VEGGEN: Anne Marie Malkenes bestemte seg for at ho skulle ha dette bildet. Ho vann bodrunden og var strålende fornøgd då ho forlet hamna.

Våge Hamn som er initiativtakarar til auksjonen. Hamneauksjonen er ein del av ei satsing for å få meir aktivitet i hamna i Våge.

– Det er fyrste gong me gjer dette, så det er ein læringsfase. Me ser mellom anna at me helst ikkje bør ha minstepris på tinga, seier han etter at auksjonen er avslutta.

– Mykje av det utan minstepris gjekk for høge prisar, medan ein del av gjenstandane med ein førehandssett minstepris ikkje vart kjøpt, fortel Brekke.

Det står ein del gjenstandar igjen på utstillingsbenkane. Det var ikkje alt som freista for kjøparane. Stolar, hyllar, ein gamal sykkel, ei gamal koparkjele og slalåmski er noko av det som står igjen.

– Me bør kanskje vera litt meir selektive neste gong. Møblar er blant det som sel dårlig, seier Brekke.

At det står igjen litt ting, legg ikkje noko dempar på stemninga.

– Me har hatt ei trivelig stund, og er godt nøgde. Gjenbruk er i vinden, og eg trur folk likar auksjon, konkluderer Brekke.

Trass nokre regndråper då auksjonen starta, var det nærare 100 personar som møtte opp til dei fyrste bodrundane.

Også auksjonarius Kåre Martin Kleppe får skryt av Brekke.

– Han klarte seg godt. Han har ordet i si makt, difor valte me han.

Kleppe sjølv var også nøgd med eigen innsats.

– Eg har sjølv vorte auksjonert bort tidlegare, men aldri leia ein auksjon, seier han.

– Det var kjekt. Eg følte eg klarte meg betre og betre undervegs. Eg har sikkert klubba meir desse timane enn eg har totalt sett i kommunestyresalen, avsluttar Kleppe med glimt i auget.

ØYVIND BJERKESTRAND
oyvind@tysnesbladet.no



TIL KAI: Her legg «Stord I» til kai i Våge. (Foto: Øyvind Bjerkestrand)

Var med på å starta kronerulling i 1980, så brann skipet ned

Torsdag tok D/S «Stord I» turen innom Tysnes, på veg til Fjordsteam 2018 i Bergen.

– Me er på tur til Bergen i dette gamle dampskipet. Eg var med på å starta kronerullinga for å restaurera det i 1980, så brann skipet ned rett etterpå, seier kvinnehering Per Magne Eikenes.

– Han er gammal båtbyggjar, utdjuar kona Åse Bratland, som sjølv kjem frå Telemark.

Dei er på båtturn med sonen Knut Tore Bratland.

– Det er morosamt å vera med og sjå gamle maskiner, og så er det ein behageleg måte å reisa på, seier Knut Tore.

Sjølv trekkjer Per Magne fram roa og freden som det spesielle med å reisa via dampskip.

– Og så er det annleis å sjå landskapa frå sjøvegen, seier Åse.

Rosendal–Bergen

Skipper Olav Åsheim fortel at dei reiste frå Rosendal i 11.00-tida, før dei tok turen til Malkenes, der «Tysnes»-journalisten gjekk på.

– No er me på veg til Våge, før me reiser vidare til Sotra. Derfrå reiser me med konvoi til Bergen.

I Bergen skal dei delta på Fjordsteam 2018, eit arrangement som samlar veteranfarar frå heile landet.

Han har vore på «Stord I» i fire sesongar no, og liker seg på skipet.

– Det som er stas med dette skipet er den flotte innreiinga, og at båten er tilbake i original stand, seier skipperen.

Lang historie

D/S «Stord I» si historie går heilt tilbake til 1913, då den blei bygd i Laksevig.

– Den blei eigentleg bygd for lange reiser, og trafikerte lenge strekninga mellom Bergen og Stavanger. På den tida gjekk den snøggaste vegen frå Stavanger til Oslo



BERGENSTUR: Då Per Magne Eikenes (til venstre) fekk høyra at «Stord I» var i Rosendal, følte han at han måtte ta turen. (Foto: Vette Mikkelsen)



DAMPMASKIN: Denne karen tok var djupt konsentrert om jobben. (Foto: Vette Mikkelsen)

med båt via Bergen, fortel Harald Kvinge, dagleg leiar og styreleiar i Stiftinga Stord I.

Under den andre verdskrigen blei skipet skadd i ein eksplosjon. Då det skulle restaurerast igjen, bytte dei ut dampmaskinene med dieselmaskiner.

Deretter blei den brukt som rutebåt for HSD ein periode, før den blei kjøpt opp av Blå Kors, og brukt som losji-skip for krigsskadda sjøfolk.

– I 1980 etablerte me Veteranskiplaget Fjordabåten. Me kjøpte skipet, og begynte å setja det i stand, seier Kvinge.

Skipet brann

I 1987 var skipet ferdig sett i stand, og hadde nok ein gong blitt gjort om til dampskip.

På jomfruturen mellom Bergen og Leirvik, den 20. mai 1987, begynte skipet å brenna då det var på veg gjennom Langenuen.

– Det blei bestemt at me skulle setja det i stand igjen, fortel Kvinge.

Deretter følgte mange år med hardt dugnadsarbeid, før skipet i 2013 var klart til å frakta passasjerar igjen.

VETTE MIKKELSEN
vette@tysnesbladet.no

Hjarteleg takk

for all deltaking, medkjensle og alle blomhelsingar i høve vår kjære Else Randine Vik sin bortgang og gravferd. Takk til heimesjukepleien for god pleie, Tysnes og Sunnhordland Gravferdsbyrå, Tysnes Blomster & Interiør for god hjelp og til Mandelhuset for flott servering.

Sigurd m/familie

Ønsker leie hjorteterreng

Vi er tre erfarne jegere som ønsker å leie hjorteterreng. Vi ønsker å leie et terreng hvor man kan skape en god relasjon til eigar og gjerne leie terreng på åremål hvis det er mulig.

Arne Jacobsen, tlf. 992 26 222

Velkommen til**SOMMAR-BASAR**

i Tysnes bedehus, torsdag 16. aug. kl. 18.00

- Håkon Hartvedt frå Fitjar talar, spelar og syng.
- Åresal og loddsal
- Kveldsmat

Takk for gevinstar til utlodning!


Arr. Tysnes Bedehuslag

Solheimsdal-stemnet

på Skartveit, søndag 12. august kl. 11.00

Talar vert Arvid Fosse. Song av Jette-Marie og Bjarne Steinsund. Liturg sokneprest Marit I. Espedalen. Offer til Indremisjonsarbeidet. Ettermiddagssamling.

Ta med mat/stol. Vertskap: Reidun og Magne Skartveit. Velkommen!

**ESPEGARD TRETJÆRE**

Vi har farget tretjære, linolje og terpentin. Se hele vårt utvalg på espegard.no

Naturens egen trebehandling



TYSNES KOMMUNE INFORMERER
www.tysnes.kommune.no

SKULESTART

Skulane tek til torsdag 16. august 2018.

Onarheim skule:

Alle elevane møter kl. 08.10

Tysnes skule:

Alle elevane møter kl. 08.05

Uggdal skule:

SFO åpner kl. 07.15

2. – 4. klasse møter kl. 08.15

1. klasse møter kl. 09.00

TYSNES FOLKEBIBLIOTEK

Biblioteket er stengt i veke 33 (13.08.-19.08.).

Sjå Tysnesbibliotek.no for informasjon om tenestetilbodet vårt. Her kan du mellom anna søka i samlinga vår og reservere bøker og andre media.

LEDIGE STILLINGAR

I Tysnes kommune er det ledig følgjande stillingar:

Tysnes omsorgssenter:

Ledig stilling som aktivitetsleiar 81 %

Haugen bufellesskap:

Ledig stilling som miljøterapeut 52,6 %

Ledig stilling som helsefagarbeidar – helg 13,6 %

For fullstendig lysingstekst sjå: www.tysnes.kommune.no

Søknadsfrist 23.08.18.

**DANSEGALLA****STEINAR ENGELBREKTSON BAND og BRIS**

Laurdag 18. august kl. 20.00 i Tysneshallen



Buss: frå Hodnanes kl. 19.00 via Onarheim og Lunde.

Bill. kr. 350 - Bill.sal: Tysnes bl. & interiør / ved inng. - Bubilcamp

Sal av mat, øl og vin - Aldersgr. 18 år - Arr. Tysnes Musikklag

FÅ MED DEG DET SOM SKJER PÅ TYSNES!

SOMMARTILBOD - for deg som ikkje allereie er fast abonnent på «Tysnes»... Bli digital-abbonent: Få full tilgang til alt innhald på www.tysnesbladet.no

FOR BERRE KR. 49,- FOR 4 VEKER

(deretter kr 99,- pr mnd. Spesialpris for nye abonnentar ut 2018. Abonnement med automatisk fornying)

Tlf: 53 43 22 20 epost: redaksjonen@tysnesbladet.no

Tysnes.

Knut redder liv
Han trenger din hjelp for å gjøre jobben sin

For bare kr 6,50 per dag blir også du en livredder. Bli fast giver i dag og send REDD LIV til 2366 (200 kr). Du kan også bli fast giver ved å kontakte oss på post@rs.no eller telefon 06757. Sammen redder vi liv.

Redningsselskapet er en humanitær organisasjon. Vi redder liv langs norskekysten i all slags vær - dag og natt. **RS.NO**

RS
Trygghet på sjøen